



Søderstrøm Blomster og Hagesenter AS  
Lyngvegen 1  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/2348 - 14/15392

Saksbehandlar:  
Linda Folkestad  
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:  
24.06.2014

## Vedkommande bruk av kommunal parkeringsplass som lagerplass

Lindås kommune ved Teknisk drift syner til tidlegare korrespondanse vedkommande bruk av kommunalt parkeringsareal som lagerplass. Kommunen har drift og vedlikehaldsansvar for parkeringsarealet og har soleis bruksretten til dette arealet. Parkeringsplassen er forbeholdt parkering av kjøretøy.

Anders Haugland har i sin tid inngått avtale om bruk av nedre del av eigedom som er adskilt frå kommunal parkeringsplass (sjå vedlegg).

Teknisk drift har vore i kontakt med Statens vegvesen som har opplyst om at Dei ikkje har gjeve løyve til å nytte kommunal parkeringsplass som lagerplass. Dei har i telefonkontakt med Dykk dog informert om at dei har ingen merknader til slik bruk under føresetnad om at det er inngått avtale med Lindås kommune ved Teknisk drift. Vi kjenner ikkje til at slik avtale er inngått.

Kommunen har stort påtrykk frå publikum som ynsjer å nytte den oppmerkede parkeringsplassen. Vi ber difor om at De innan 1. august 2014 ryddar plassen slik at den kan nyttast fullt ut til parkering

Teknisk drift

Med helsing

Arne Eikefet  
einingsleiar

Linda Folkestad  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**  
Kjetil Eikefet



**Mottakarar:**

Søderstrøm Blomster og Hagesenter Lyngvegen 1  
AS

5914

ISDALSTØ